SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Bodil Helliesen Øpstebø	**Arkivkode**: FA-B11
Arkivsaksnr: 21/352	**Løpenr**: 21/4162
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.05.2021	024/2021
Kommunestyret	10.06.2021	052/2021

Kriterier for gjesteelevar i annan kommune

10.06.2021 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KS- 052/2021 Vedtak:
Samnanger kommune jobbar i tråd med opplæringslova sine reglar om at alle grunnskuleelevar i utgongspunktet har rett på skuleplass i sitt nærmiljø (adresse i folkeregisteret) og gjer seg nytte av denne plassen.

I særskilde høve kan føresette/foreldre søkja om at eleven får gå på grunnskule i nabokommune ut frå følgjande kriterier:

- Avgjerslene skal vera til barnets beste (Barnekonvensjonen artikkel 3)
- Tilhøyrigheit og kortare reiseveg til skule som ligg i nabokommune
- Spesielle tilhøve knytt til eleven sine behov, trivnad og helse (fysiske utfordringar, funksjonsnedsetting)
- Skjønnsmessige vurderingar ut frå familien sine behov (døme: foreldra bur i kvar sin kommune og eleven bur ei veke hos kvar)
- Flytting midt i eit skuleår og ein vurderer at det vil vera til eleven sitt beste å få sluttføra skuleåret på skulen der ho/han går
- Særskilde omsyn utgreidd av faginnstans – til dømes sakkunnig vurdering

- Saker knytt til Opplæringslova 9A, til dømes tvunge skulebyte etter § 9A-12

Skuleplass i andre kommunar kan i særskilde tilfelle også gjevast med heimel i andre særlover, som Barnevernlova:

- Eleven går på skule i den kommunen der fosterheimen/tilbodet vert gjeve
- Heimstadskommunen gjer vedtak om spesialundervisning ut frå sakkunnig uttale og betaler

dette i tillegg til grunnressursen etter fastsette satsar

Søknad om å få gå på grunnskule i annan kommune vert avgjort av rådmannen ut frå kriteria ovanfor (og i tråd med Forskrift om skulebyte i Samnanger kommune når denne forskrifta kjem på plass).

Foreldre kan velja privatskule for sitt barn i ein annan kommune jf. friskolelova § 1-1. Dei må ikkje søkje til kommunen. Får dekka reise til kommunegrensa. Kommunen dekkjer ikkje andre utgifter pr i dag.

27.05.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Etter den innleiande debatten bad Øyvind Strømmen (MDG) om informasjon om kva kommunar Samnanger har gjesteelevar i. Sektorleiar oppvekst Bodil H. Øpstebø bad om at møtet vart lukka dersom ho skulle orientera om dette, av personvernomsyn. Møtet vart lukka medan formannskapet handsama spørsmålet om lukking. Møtet vart opna igjen før røystinga om lukking. Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle vera lukka under orienteringa, med heimel i kommunelova § 11-5. Møtet vart opna igjen etter orienteringa.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 024/2021 Vedtak:
Samnanger kommune jobbar i tråd med opplæringslova sine reglar om at alle grunnskuleelevar i utgongspunktet har rett på skuleplass i sitt nærmiljø (adresse i folkeregisteret) og gjer seg nytte av denne plassen.

I særskilde høve kan føresette/foreldre søkja om at eleven får gå på grunnskule i nabokommune ut frå følgjande kriterier:

- Avgjerslene skal vera til barnets beste (Barnekonvensjonen artikkel 3)
- Tilhøyrigheit og kortare reiseveg til skule som ligg i nabokommune
- Spesielle tilhøve knytt til eleven sine behov, trivnad og helse (fysiske utfordringar, funksjonsnedsetting)
- Skjønnsmessige vurderingar ut frå familien sine behov (døme: foreldra bur i kvar sin kommune og eleven bur ei veke hos kvar)
- Flytting midt i eit skuleår og ein vurderer at det vil vera til eleven sitt beste å få sluttføra skuleåret på skulen der ho/han går
- Særskilde omsyn utgreidd av faginnstans – til dømes sakkunnig vurdering

- Saker knytt til Opplæringslova 9A, til dømes tvunge skulebyte etter § 9A-12

Skuleplass i andre kommunar kan i særskilde tilfelle også gjevast med heimel i andre særlover, som Barnevernlova:

- Eleven går på skule i den kommunen der fosterheimen/tilbodet vert gjeve
- Heimstadskommunen gjer vedtak om spesialundervisning ut frå sakkunnig uttale og betaler dette i tillegg til grunnressursen etter fastsette satsar

Søknad om å få gå på grunnskule i annan kommune vert avgjort av rådmannen ut frå kriteria ovanfor (og i tråd med Forskrift om skulebyte i Samnanger kommune når denne forskrifta kjem på plass).

Foreldre kan velja privatskule for sitt barn i ein annan kommune jf. friskolelova § 1-1. Dei må ikkje

søkje til kommunen. Får dekka reise til kommunegrensa. Kommunen dekkjer ikkje andre utgifter pr i dag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune jobbar i tråd med opplæringslova sine reglar om at alle grunnskuleelevar i utgongspunktet har rett på skuleplass i sitt nærmiljø (adresse i folkeregisteret) og gjer seg nytte av denne plassen.

I særskilde høve kan føresette/foreldre søkja om at eleven får gå på grunnskule i nabokommune ut frå følgjande kriterier:

- Avgjerslene skal vera til barnets beste (Barnekonvensjonen artikkel 3)
- Tilhøyrigheit og kortare reiseveg til skule som ligg i nabokommune
- Spesielle tilhøve knytt til eleven sine behov, trivnad og helse (fysiske utfordringar, funksjonsnedsetting)
- Skjønnsmessige vurderingar ut frå familien sine behov (døme: foreldra bur i kvar sin kommune og eleven bur ei veke hos kvar)
- Flytting midt i eit skuleår og ein vurderer at det vil vera til eleven sitt beste å få sluttføra skuleåret på skulen der ho/han går
- Særskilde omsyn utgreidd av faginnstans – til dømes sakkunnig vurdering

- Saker knytt til Opplæringslova 9A, til dømes tvunge skulebyte etter § 9A-12

Skuleplass i andre kommunar kan i særskilde tilfelle også gjevast med heimel i andre særlover, som Barnevernlova:

- Eleven går på skule i den kommunen der fosterheimen/tilbodet vert gjeve
- Heimstadskommunen gjer vedtak om spesialundervisning ut frå sakkunnig uttale og betaler dette i tillegg til grunnressursen etter fastsette satsar

Søknad om å få gå på grunnskule i annan kommune vert avgjort av rådmannen ut frå kriteria ovanfor (og i tråd med Forskrift om skulebyte i Samnanger kommune når denne forskrifta kjem på plass).

Foreldre kan velja privatskule for sitt barn i ein annan kommune jf. friskolelova § 1-1. Dei må ikkje søkje til kommunen. Får dekka reise til kommunegrensa. Kommunen dekkjer ikkje andre utgifter pr i dag.

Dokument som ikkje er vedlagt:
Opplæringslova § 8-1. § 9A-12 m.fl

Lov om frittståande skolar (friskolelova)

https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Narskole-og-skolekretsgrenser/Narskoleprinsippet-og-skolekretsgrenser/

Bakgrunn for saka:
Formannskapet handsama 08.04.2021 ei sak om gjestebarn i kommunale barnehagar i andre kommunar (sak 016/2021). Formannskapet bad i vedtaket sitt om å få lagt fram ytterlegare informasjon om gjestebarn i barnehagar i andre kommunar til formannskapsmøtet 27.05.2021. I tillegg bad formannskapet om informasjon om tal gjesteelevar frå Samnanger som går på skular i andre kommunar og gjeldande praksis rundt dette, samt om eventuelle kostnader for Samnanger kommune knytt til dette.

Rådmannen har valt å leggja fram to separate saker; ei sak om gjestebarn i barnehagar i andre

kommunar og ei sak om gjesteeelevar i andre kommunar.

Dette saksframlegget gjeld gjesteeelevar. I tillegg til at saksframlegget inneheld informasjon om tal gjesteelevar og gjeldande praksis, er det også utarbeidd framlegg til kriterier for gjesteelevar i annan kommune (handsaming/vurdering av søknader om grunnskuleplass i annan kommune).

Nasjonale reglar/retningslinjer om skulebyte til andre kommunar

«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til. To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skule i nabokommunen. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skulen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Skulebyte er søknad om å få gå på ein annan skule enn nærskulen. Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.» (Utdanningsdirektoratet/Opplæringslova)

Skulebyte innan eigen kommune eller mellom to kommunar, er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ved søknad om skulebyte mellom kommunar søkjer ein fyrst bustadkommunen og dei gjer vedtak om innvilging eller avslag, deretter søkjer kommunen om ein avtale med vertskommunen og gjev eit nytt vedtak.

Gjeldande praksis og kostnader for Samnanger kommune i dag

Som hovudregel går elevane i Samnanger kommune på nærskulen, det vil seie Samnanger barneskule eller Samnanger ungdomsskule. Foreldre står også fritt til å velja at barn skal gå på privatskule. Det einaste Samnanger kommune betaler for då er reise til kommunegrensa.

Det er pr. i dag 7 barn frå Samnanger som går på skule i annan kommune, og 4 barn frå andre kommunar som går på skule i Samnanger. Tabellen nedanfor viser utgifter og inntekter pr. år for desse skuleplassane.

Utgifter for kommunen i dag		
Gjesteelevar frå Samnanger i andre kommunar pr 01.05.2021	6 stk	ca-utgift kr 950 000
Elev ved privat ungdomsskule	1 stk	Ingen til sjølve skulen
Skyssutgifter		ca-utgift kr 33 000
Inntekter for kommunen i dag		
Gjesteelevar til Samnanger frå andre kommunar pr 01.05.2021	4 stk	ca-inntekt kr. 557 600

Vurderingar og konsekvensar:

Ulike situasjonar, ulike behov og ulike val hos foreldre ut frå forskjellige lovverk har ført til at Samnanger kommune har elevar som går på skule i andre kommunar.

Fleire lovverk kan seie noko om definering av bustad og nærskule:

- Barnelova § 36 – «tidlegare «dagleg omsorg»
- UDIR i 2014 - Folkeregistrering avgjer, er meir føreseieleg
- To kommunar kan inngå avtale ut frå opplæringslova § 8-1 andre avsnitt

Det er viktig at kommunen vurderer og tenkjer likebehandling. Statsforvalteren er klageinnstans.

Ut frå kurs med Statsforvaltaren 20.04.2021 om «Regelverkssamling om nærskule og skulebyte» bør kvar kommune ha rutinar for dette gjennom ei forskrift. Dette bør Samnanger kommune også

utarbeide for å ha gode rutinar på korleis slike saker skal handsamast i tråd med lovverk og politiske føringar. Dette kan gjerast hausten 2021.